

Over 100 på påskefest på Skorpo.

15.04.2017



Det ver servert heilsteikt gris og grilla lam.

Over 100 fastbuande og hyttefolk møtte fram til den årleg påskefesten på Skorpo i dag. Det heile tok til 2012. Seinare er markeringa utvida med rebusløp og natursti. Vermeldingane var litt usikre i dag. Difor vart Skorpo opp bytt ut med natursti i nærområde med start i tunet hos Marit og Oscar Langballe, rundt Holmasletto, opp på tunet til Johannes Hauge og retur til startpunktet.



Det er folksamt på påskefesten på Skorpo

Påskefesten tok til kl. 12 i dag. Alle deltakarane vart fordelte på 18 ulike lag med mange artige spørsmål for born og vaksne. Nokre av spørsmåla har svar som er viktig informasjon for alle som bur eller har hytte på Skorpo. Døme på det siste er: Kor er Hjartestartaren på Skorpo plassert og korleis fungerer den. Borna fekk spørsmålet: Kva sel er det som ikkje kan symja? Svar: Bukseselar. Alle, ung og gamal, får t-skjorte med teksten: Skorpefjellet opp 2017. T skjortene er i år sponsa av Hans Skorpen. Det er ny t skjorte kvart år. Menyen i kveld er grilla lam og heilsteikt gris Alle har med salatar, drikke og anna kaldmat Med meir enn 100 gjester, må samlinga på Skorpo i dag omtalast som ei storhending. Alle frammøtte vert oppmoda om å stilla i gul sjølvlaga lue. Det er påskeegg til alle.

Ingrid Skorpen Bøge og mannen hennar er to sentrale personar i planlegging og gjennomføring. Dei driv restaurant og catering i Bergen. Saman med gode vener har dei erfaring og er drivne i faget . Samlinga i kveld er ved hytta deira, det som mange kjenner som Lavik si hytte. Her er det stor terrasse med plass til mange på langbord i partytelt.



Gult skaper den rette påkestemminga

Tekst: Kristian Bringedal  
Foto: Ingvild Bøge og Kenneth Skorpen.  
Nett: Thor Inge Døssland